



Austrheim kommune
Kommunehuset
5943 AUSTRHEIM

Vår dato:

01.09.2022

Vår ref:

2022/10374

Dykkar dato:

Dykkar ref:

22/827

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Austrheim 132/9 Utkilen - riving av notbu og oppføring av utleigebygg - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 27.07.22. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanen og frå byggeforbodet i strandsona jf plan- og bygningslova § 1-8. Søknaden gjeld riving av notbu og oppføring av utleigebygg til reiseliv. Vøling og heving av kai som er i dårleg stand i dag er ein del av dette omsøkte tiltaket. Det er og søkt om dispensasjon til terrengendring for å få på plass parkering i bakkant av omsøkte bygg.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsyna bak føresegna det dispenserast frå, omsyna i lovas formålsføresegn eller nasjonale eller regionale interesser ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane vere klart større enn ulempene jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

I 100-metersbeltet langs sjø skal det alltid takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. pbl. § 1.8 fyste ledd. Strandsona skal generelt haldast open og privatisering og nedbygging skal unngåast. Forbodet i § 1-8 andre ledd skal vege tungt. Eventuelle avvik frå dette forbodet skal som hovudregel skje gjennom ordinær planlegging, ikkje som dispensasjon, jf. Ot.prp.nr 32 (2007-08).

Sjølv om Austrheim ligg i sone 3 i dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, så er retningslinjene klåre på at strandsona skal planleggast i overordna plan. Dette er viktig for å hindre ein bit for bit utbygging av strandsona. I denne saka er naudsynt med dispensasjon frå både LNF-formål og frå byggeforbodet i 100-metersbeltet mot sjø.

Eit bygg med utleigeeiningar vil ha ein heilt anna verknad på strandsoneinteressane enn dagens notbu. Både utsjåande på omsøkt bygg og planlagt bruk vil i langt større grad privatisere området. Det er også søkt om å fjerne berg for å få plass til parkering. Statsforvaltaren vurderer dette som eit vesentleg terrenngnigrep som er svært uheldig i strandsona.

Tilkomstvegen til området går igjennom ein landbrukseigedom. Auka trafikk på vegen kan auke faren for konfliktar med landbruket.



Tiltaka er i strid med både byggeforbodet og formål i kommuneplanen. Statsforvaltaren rår ifrå dispensasjon i saka. Om det er grunnlag for å nytte området til noko anna enn dagens bruk, må eventuelt vurderast heilskapleg i kommuneplanen.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune

Postboks 7900 5020 BERGEN